



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/511-3

Sakshandsamar: Jarand Felland

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre		

Tilsetjing av kommunedirektør

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Utlysning - WebCruiter annonse
- 2 kommunedirektør utlysning i Vest Telemark blad 090425

Innleiing

Tokke kommune lyste i byrjinga av april etter ny kommunedirektør. Annonsa har blitt publisert i Vest-Telemark blad fleire gonger. I tillegg er den lagt ut på kommunen sine heimesider, kommunen sin avtalepartner for stillingsutlysingar WebCruiter og NAV sine sider; arbeidsplassen.no. Lysinga er også publisert og delt på sosiale medier.

Søknadsfristen var 4. mai.

Tilsetjingsnemnda la ut fylgjande melding som blei publisert på kommunen sine heimesider.

«Fjorten personar har søkt på stillinga som kommunedirektør i Tokke. Fire av søkerane er busett i Vest-Telemark. Det er tolv menn og to damer som søker stillinga. Tilsetjingsnemnda er godt nøgd med søkerlista.

Tilsetjingsutvalet vil no kalle aktuelle kandidatar inn til intervju og deretter kome med ei innstilling. I tilsetjingsutvalet sit ordførar Jarand Felland, formannskapsmedlem Benedikte Nes, formannskapsmedlem Mette Lillegård samt hovudtillitsvald frå Fagforbundet Hanne Karin Berglie.

Den endelege tilsetjinga blir gjort av kommunestyret.

Det er tre av søkerane som har fått namnet sitt unnateke frå søkarlista, jf. offentleglova § 25. Det kan opplysast at ingen av desse tre søkerane bur i Telemark.

Søkarlista er som følgjer:

Namn	Alder	Kjønn	Yrke	Bukommune
Beate Marie Dahl Eide	44	Kvinne	Konsulent	Seljord
Unnateke offentlegheit		Mann		
Inger Elisabeth Tvedt Mæland	45	Kvinne	Rådgjevar	Sola
Thormod Moi Felle	41	Mann	Kommunalsjef	Nissedal
Unnateke offentlegheit		Mann		
Åge Verpe	56	Mann	Kommunalsjef	Tokke
Tore Åsland	50	Mann	Økonomisjef	Kviteseid
Unnateke offentlegheit		Mann		
Frode Gabrielsen	59	Mann	Verksemdsleiar	Indre Østfold
Jimmy Gullmark	53	Mann	Program og prosjektleiar	Bergen
Bent Charles Nesse	55	Mann		Sømna
Niklas Cederby	42	Mann	Strategisk-politisk seniorrådgjevar	Horten
Frank Gard	31	Mann	Matroslærling	Stavanger
Kim Jarle Wroldsen	34	Mann	Avdelingsleiar	Voss

Tilsetjingsgruppa ynskte litt hjelp til prosessen med å velje ut rett kandidat. Det blei teke kontakt med KS Konsulent. Her fekk kommunen hjelp av Olve Molvik, som har omfattande røynsle knytt til rekruttering.

Fem kandidatar blei kalla inn til fysisk intervju måndag 12. mai.

Vurdering

Det var mange gode søkarar til stillinga.

I stillingstutlysinga var det fem punkt som blei framheva. Det var:

- Samfunnsengasjement og gode samarbeidsevner
- God forståing for kommunal/offentleg økonomi, planarbeid og lovverk
- Leiarerfaring frå offentleg eller privat verksemd

- Relevant høgare utdanning
- Legg til rette for godt samarbeid med arbeidstakarorganisasjonar og vernetenesta.

Tilsetjingsgruppa ved Olve Molvik har henta inn referansar frå dei to mest aktuelle kandidatane som var Åge Verpe og Tore Åsland.

Ut i frå ei heilskapsvurdering har tilsetjingsgruppa landa på at Verpe bør innstillast som fyrstekandidat og Åsland som andrekandidat. Verpe har mellom anna lang og relevant erfaring som leiar i kommunal verksemd.

Arbeidsavtale

Tilsetjingsutvalet og kandidaten, som blir innstilt som nummer ein, har blitt samde om at ny løn frå hausten 2025 skal vere kr 1 220 000. Dagens løn, før lønsjustering, er kr 1 130 000.

Resten av arbeidsavtala er ikkje på plass. Dersom den blir landa før kommunestyremøtet, vil avtala bli ettersendt.

Tilsetjingsutvalet si tilråding

1. Åge Verpe blir gjeve tilbod om stillinga som kommunedirektør i Tokke kommune.
2. Tore Åsland blir innstilt som andrekandidat til stillinga.
3. Tilsetjingsgruppa sine medlemmer i formannskapet får fullmakt til å utforme ei arbeidsavtale på vegne av Tokke kommune.